

Kommune	Styre, råd, utvalg m.v.	Møtested	Møte dato
Valdres Natur- og Kulturpark	Regionstyret	Låven på Brennabu, Vaset, 2960 RØN	24.06.2020

RS 32-/-20 **Handlingsprogram og budsjett 2021 for Valdres Natur- og Kulturpark**

Bakgrunn

Vedtektenes §3 seier: *Forslag til handlingsprogram skal være behandlet i Regionstyret og sendt kommunene innen 25. oktober med vedtaksfrist 25. november for kommunene*

Saksutgreiing

Dagleg leiar inviterer Regionstyret(RS) til å vedta prosess og å starte diskusjonen om kva arbeidsoppgåver som bør prioriterast i handlingsplan for 2021. Vedtekter, langtidsprogram, mulighetsstudien for næringsutvikling og tilgjengelege ressursar skal kvart år formast i eit handlingsprogram(HP).

Innlandet fylkeskommune har inngått ny partnerskapsavtaler med dei seks Valdreskommunane med ei ramme på 2,5 millionar kroner. Norske parker kom inn på statsbudsjettet frå 2019, jf. RS sak 41-/-19, det betyr noko pengar for Valdres Natur- og Kulturpark i tillegg til avtalen /vedtektene med dei seks Valdreskommunane. VNK har òg ein unyttta rest partnerskapsmidlar frå Oppland fylkeskommune for 2019, desse pengane kan nyttast dei to påfølgande åra. I tillegg er det midlar til friluftsråda, ulike pågåande prosjekt med ekstern finansiering og ulike sal av tenester som dannar grunnlaget for budsjettet til VNK. Handlingsrommet for endringar er avgrensa, men det er viktig å vera tydeleg på prioriteringar og vekting mellom områda i langtidsprogrammet.

Partnarane til parken har avtaler med parken, og dei deltek i Valdresrådet(VR), der dei er med å gjev retning til utviklinga av Valdres. I 2019 var det ein kommunal debatt om finansieringa av Visit Valdres (VV) det vart ei eittårig avtale der bestillinga går gjennom VNK. Prosessen lukkast ikkje med å integrere VV sitt arbeid inn VNK fullt ut for 2019, men vart ei tilleggsavtale til HP 2020. Partnerskapsavtalen for VV vart revidert med eitt års verknad. Korleis ynskjer Valdreskommunane samarbeidet med VV framover? Avtalen med VV må vera i tråd med lov om offentlege anskaffelsar.

Regionstyret har gjennom året handsama ulike saker som blir søkt følgt opp. Valdresrådets har gjennom fleire år gjeve retning til arbeidet i Region, innspela frå dei blir og teke med i arbeidet. I tillegg til at det er møte i Valdresrådet med partnarane er det og møter mellom partnarar og VNK om enkeltoppgåver og samarbeidsoppgåver.

Regionreforma og statens gjennomgang av virkemiddelapparatet kan medføre endringar for enkelte av samarbeidspartnarane våre. Dagleg leiar fyljer med på desse prosessane, og om det krev endringar i partnerskapsavtalane blir det fremma for Regionsstyret.

sign.

Utskrift sendt til

Kommune	Styre, råd, utvalg m.v.	Møtested	Møte dato
Valdres Natur- og Kulturpark	Regionstyret	Låven på Brennabu, Vaset, 2960 RØN	24.06.2020

Forslag til framdriftsplan for HP 2021

Dato	Organ	Kva?
24.juni	RS	Vedtak om oppstart og framdriftsplan
19/21. august	VR	Innspel /work shop
9. september	RS	Oppsummering VR
19. oktober	RS	Vedtak høringsdokument
25. oktober – 25. november	Kommunane	Høring
18. november	VR	Ved behov ta opp einskiltema
14. desember	RS /VR	Vedtak HP 2021

Forslag til vedtak:

Regionstyret vedtek framlagte forslag til prosess for handlingsplan og økonomiplan for VNK 2021.

Vedtak:

sign.

Utskrift sendt til